

# *Nær folk i heile Alver kommune*

Tryggleik

Trivsel

Utvikling



**Alver Senterparti**

Valprogram 2019 – 2023



## Folk i sentrum

### **Gode innbyggjar,**

*me vil gjerne få vera dine tillitsvalde! Senterpartiet ynskjer å bidra til levande lokalsamfunn der folk kjenner tryggleik, livsglede og får muligheter til å prøve ut talent, evner og skaparkraft. Kommunen og fellesskapet skal ivareta innbyggjarane sine behov gjennom eit heilt livsløp, og våre folkevalde ynskjer å vera tilgjengelege og lydhøre for dine synspunkt og erfaringar som innbyggjar i nye Alver kommune.*

### **Vår visjon: nær folk i Alver kommune**

*Me vil byggja ein attraktiv, open og varm kommune som gjev gode tenester der folk bur, og som legg til rette for arbeidsplassar og eit allsidig og sterkt næringsliv. Alver skal kjenneteiknast av levande bygder som spelar på lag med Knarvik som eit sterkt regionsenter.*

***Eit sterkt Senterparti i Alver vil bidra til ei trygg framtid med trivsel og utvikling i heile kommunen. Du skal kjenna oss som hardtarbeidande, lydhøre folkevalde som ivaretek interessene dine. Godt val!***

### **Samfunnsutvikling og styring**

*Alver skal utviklast som ein kommune, og ein stor jobb ventar oss i dette. Senterpartiet krev at innbyggjarane skal involverast i utvikling av alle viktige plandokument fordi desse legg premisane for vidare utvikling. Me trur at dette er særskilt viktig i denne første perioden. Senterpartiet vil vera både tilgjengeleg, lyttande og handlingsdyktig i styringa av kommunen. I vanskelege saker vil me vera løysingsorienterte og tru mot verdiane våre: likeverd, respekt og finna løysingar tilpassa lokale behov.*

### **Alver kommune**

*Alver kommune vert ein stor arbeidsgjevar og skal ha engasjerte og dyktige tilsette under sterk og trygg folkevald styring. Kommunen skal ha ein imøtekomande, løysingsretta og handlekraftig organisasjonskultur, til beste for innbyggjarar og næringsliv i heile kommunen.*

## Gode oppvekst- og bumiljø er grunnlaget for god samfunnsutvikling

*Sp vil arbeida for at alle skal ha ein trygg og god busituasjon. Dette er avgjerande uansett livssituasjon og vesentleg for å fungere godt og kunne vere ein bidragsytar i lokalsamfunnet.*

### **Alver Sp vil:**

- at reguleringsplanar for bustader skal ta omsyn til dei som skal bu der, like høgt som omsynet til utbyggjaren
- prioritera å skaffa rimelege bustader til førstegangsetablerarar og personar som har vanskar med å koma inn på den ordinære bustadmarknaden
- at alle bygdelag skal ha tilbod om gode og attraktive bustadtomter, og i planprosessane skal der stillast krav til bustadtypar av ulik storleik. Det skal opnast for spreidd bustadbygging i mindre bygder for å oppretthalda busetnaden
- invitera og støtta lokale lag og organisasjonar for å få til gode nærmiljøtiltak

### **Bumiljøet i Knarvik**

- Alver SP krev nullutbygging ved Brekkeløypa, og meiner at det er andre areal som er meir naturleg å byggja ut. Brekkeløypa og naturløypene rundt skal utviklast og haldast godt ved like og må sjåast i eit folkehelseperspektiv
- Alver SP vil leggja press på Statens Vegvesen i arbeidet med ny E39 mellom Knarvik og Romarheim
- Alver SP vil arbeida for gang og sykkelveg på Hagelsundbrua

### **Flyktningar og minoritetar**

Senterpartiet ynskjer at flyktningar og minoritetar skal kjenne seg velkomne i Alver. Kommunen skal gje god, individuell oppfølging til flyktningar som vert busett i kommunen, slik at dei kan oppleve meistring, kjenne seg verdsett og verte i stand til å bidra tilbake til lokalmiljøet.

For å lukkast med integrering lokalt, må både gamle og nye innbyggjarar bidra. Senterpartiet forventar at flyktningar og minoritetar deltek og vert inkludert i skule, arbeidsliv og lokalsamfunn på ein konstruktiv måte.

### **Alver Sp vil:**

- ha ein koordinator for samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
- ha god oppfølging og burettleiing, særleg for nyinnflytta
- ha god og praktisk retta norskopplæring

***Den viktigaste staden i livet vårt, er der me bur.***

Valprogram for Alver Senterparti 2019-2023 vart vedteke i medlemsmøte 27. mai 2019.  
Redaksjon:  
Leif Taule, May-Irene Wergeland og Jon Askeland.  
Trykk: Trykkservice AS  
Grafisk utforming: Mai-Liss Sylta Møn  
Foto side 1-9: Fjord Images/Ola Moen



## Oppvekst

*Alle barn og unge har rett på ein trygg oppvekst, og Senterpartiet prioriterer tilbod og tenester til barn og unge høgt. Tidleg innsats og stor vekt på sosial læring er avgjerande for borna si utvikling i livet. Barn og unge skal kunna delta på aktivitetar uavhengig av foreldra si inntekt.*

### Familie, barn og ungdom, folkehelse

Alver Sp vil:

- ha gode helsestasjonar med dyktige tilsette, som følgjer opp brukarane med trygg og god rettleiing frå før fødsel til barne- og ungdomsåra. Heimar med utfordringar skal få trygg og god rettleiing
- ha god jordmorteneste som gjev tryggleik i svangerskap, fødsel og barsel, og som er dimensjonert for å møte omlegginga i Helsevesenet si barselteneste
- at barnevernet skal ha fagleg sterke medarbeidarar og tilstrekkelege ressursar i arbeidet
- at fosterheimar og andre tilbod primært skal gjevast lokalt, og få god oppfølging
- styrkja miljøarbeid og skulehelsetenesta, ungdomscoordinatorar og MOT-programmet
- at alle ungdomsskulekrinsar skal ha tilbod om ungdomsklubb
- at ungdomsrådet skal vera eit aktivt og rådgjevande organ
- at arbeidet med einslege mindreårige skal ha ressursar til å gje god omsorg og oppfølging

### Barnehage

*Alver har eit mangfald av barnehagar, som alle har mål om å levera ei teneste med god kvalitet, der leik, sosial læring og omsorg er i sentrum. Alver har og skal ha full barnehagedekning.*

Alver Sp vil:

- ha trygge og gode barnehagar
- ha løpande og fleksibelt barnehageopptak
- at tilsette skal vera fagutdanna, og ha fokus på etter- og vidareutdanning
- ha låge prisar med gode moderasjonsordningar
- at både barnehagar og skular skal ha eit aktivt og medvite forhold til språktrening, t.d. gjennom programmet «Stolt av eige språk»
- byggja ny kommunal barnehage på Lindås

*«Ein god barndom varer heile livet»*

### Skule

*Tidleg innsats skal vera rettesnor for å møta elevane sine behov i Alverskulane. Alver skal ha kvalitetsplan for skulen, med mål om fagleg og sosial utvikling. Den enkelte skule og lærar må få fridom til å nytta gode undervisningsmetodar, og gje elevane nødvendig tilpassa opplæring. Rapporteringsplikta må reduserast for å auka nærvéret med elevane. Senterpartiet forventar at skulane har nulltoleranse for mobbing og sosial utestenging og ønskjer å verta evaluerte på dette. Skulestrukturen skal liggja fast.*

Alver Sp vil:

- at kommunestyret skal vera ein aktiv skuleeigar og setja tydelege mål og prioriteringar for læring og trivsel i skulen
- at lærarar skal få tilbod om etter- og vidareutdanning, også innan praktiske og estetiske fag
- halda fram med satsinga på digital kompetanse
- at datarom, rom for kunst og handverk, sløyd og verkstadlære skal oppgraderast til god standard
- ha på plass fleire samarbeidsavtalar med sikte på praktisk retta opplæring, slik som «Inn på TUNET» eller andre alternativ
- at alle elevar skal læra å symja innan utgangen av 4. klasstrinn
- at det skal vera trafikk sikre soner rundt skulane
- innføra skulefrukt eller måltid og leggja større vekt fysisk aktivitet i skuletida
- at Pedagogisk-Psykologisk Teneste skal ha god kapasitet og høg kvalitet
- at Skulefritidsordninga (SFO) skal ha nok ressursar slik at alle barn vert sett og høyrte
- utarbeida ein kvalitetsplan for SFO i Alver
- at elevar i barneskulen skal få tilbod om leksehjelp
- at barneskulane skal ha gode og aktiviserande uteområde
- at bygginga av ny Alversund skule skal sikrast god framdrift
- byggja ny Meland ungdomsskule i perioden
- at Manger skule skal utvidast
- at ny Eikanger skule skal planleggast
- at utviding av Hordabø skule skal planleggast
- investere i leikeplassutstyr etter barneskulane sine behov

*«Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring» (Opplæringslova)*



## Helse- og omsorg

*Fysiske og psykiske vanskar kan råka menneske i alle aldrar. Då skal kommunen gje tryggleik og dei lovpålagde tenestene det er trong for, til rett tid og av god kvalitet. Det må utarbeidast retningslinjer for ferietilbodet til ulike brukargrupper i kommunen. Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne må verta aktive og rådgjevande organ.*

### Folkehelse

Folkehelse skal vera ein naturleg del av samfunnsplanarbeidet. Alver må leggja til rette for at innbyggjarane kan vera i fysisk aktivitet og ta gode val for eiga helse. Kommunen skal vera aktiv i det førebyggjande folkehelsearbeidet.

### Alver Sp vil:

- styrkja tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse og omsorgssektoren
- ordninga med helsesjukepleiar for born og unge vert vidareført og vidareutvikla
- vektleggja førebygging av rusmisbruk, t.d. gjennom oppsøkjande verksemd der ungdommar oppheldt seg
- ha gode tenester for å hjelpa rusmisbrukarar og vidareføre lågterskeltilbod
- vidareføre «Salto» i Knarvik Senter
- at Helsehuset skal samarbeida med Helse Bergen og auka innovasjonen i helsesektoren
- at kommunen bidreg med midlar til utvikling og skilting av turløyper i heile kommunen

### Psykisk Helse

Alle har ei psykisk helse og psykiske lidningar må avstigmatiserast og avhjelpast gjennom openheit, kunnskap og gode helsetenester til den einskilde. Senterpartiet ventar utvida og betre tenester i det nye Helsehuset.

### Alver Sp vil:

- ha ei god psykiatriteneste, inklusive eit ambulerande tilbod
- tilby varierte buformer for personar som treng tilbod på døgnbasis
- at brukarar får hjelp til å ta del i fysisk aktivitet og andre sosiale samanhengar
- at kultur- og fritidstiltak skal vera eit viktig satsingsområde for personar med psykiske lidningar

- opprusta Radøy interkommunale busenter
- at bustader for innbyggjarar med særlege behov vert gjort tilgjengelege, og at eksisterande bustader vert opprusta

### Eldre

Eldre i Alver skal kjenna tryggleik for at dei får tilbod om dei tenestene dei har behov for slik at livskvaliteten i alderdommen vert god.

### Alver Sp vil:

- skapa gode møteplassar for eldre, gjerne gjennom frivilligsentralane
- leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar
- at helsetenesta i Alver legg vekt på kva som er godt, verdig og rett for brukaren
- at omsorgsteknologi vert ei sikker teneste til rimeleg kostnad for brukaren
- at eldre som ønskjer det, kan bu heime så lenge det er mogeleg og kjennest trygt
- ha gode og aktiviserande dagtilbod til dei som har trong for det, også ved demens
- ha gode og tenlege avlastingstilbod
- oppretthalda langtidsplassar ved eksisterande sjukeheimar
- ha kjøkken på alle sjukeheimar
- byggja fleire omsorgsbustader med tilsyn

### Fysioterapi, ergoterapi

### Alver Sp vil:

- at innbyggjarane skal ha eit godt tilbod både om rettleiing og behandling frå fysioterapeut og ergoterapeut
- at Alver skal vera ein føregangskommune innan rehabilitering, særleg av slagpasientar
- styrkja tilbodet både til unge og tilbodet ved sjukeheimane
- ha eit breitt og godt poliklinisk tilbod ved Helsehuset i Knarvik

## Menneske med nedsett funksjonsevne

### Alver Sp vil:

- at tenestebehov alltid vert vurdert individuelt
- at brukar kan velja type tenesteyting (t.d. brukarstyrt personleg assistanse)
- at ein sjølv, eller saman med verge, skal velja buform
- ha eit meningsfullt tilbod på dagtid med arbeid eller aktivitet
- vidareutvikla dei opplærings- og arbeidstilboda som finst (Aufera, KIM, Gløde)
- byggja fleire bufelleskap for menneske med nedsett funksjonsevne

### Tannhelse

God tannhelse er viktig både for unge og eldre. Senterpartiet meiner det er viktig at den offentlege tannhelsetenesta er desentralisert og at kontora på Lindås, Manger og Frekhaug vert oppretthaldne, i tillegg til Knarvik.

## Kultur, idrett, kyrkje og livssyn

*Alver skal vera ein tydeleg kulturkommune som skapar rom for trivsel, livsglede og eit aktivt kulturliv i levande lokalsamfunn.*

### Kyrkje og trusliv

*Kyrkja står sterkt i Alver. Sp vil vidareføre økonomisk støtte til og ha eit godt samarbeid med kyrkja gjennom Alver kyrkjeleg fellesråd, og gje andre trussamfunn tilskot etter gjeldande reglar.*

### Alver Sp vil:

- gje Alver kyrkjeleg fellesråd føreseielege rammer for arbeidet sitt
- ha godt vedlikehald på kyrkjer og gravplassar
- at kyrkjeleg fellesråd opprettar minnelundar på gravplassar
- starta opp planarbeid for arbeidskyrkje på Frekhaug
- utvida Meland kyrkjegard

## Kultur og idrett

Kultur og idrett bind menneske saman og byggjer fellesskap og identitet. Frivillig arbeid er ein sær viktig ressurs, og Alver kommune må leggja til rette for eit godt og tillitsfullt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

### Alver Sp vil:

- ha gode administrative tenester som samarbeider tett med frivillige lag og organisasjonar
- få på plass samarbeidsavtalar mellom kommunen, idrettsråd og kulturråd
- etablere stilling som idrettskonsulent
- utarbeida ein plan for idretts og nærmiljøanlegg, samt ein vedlikehaldsplan for desse
- vidareføre dei tre frivilligsentralane
- ha gode kulturskuletilbod som er tilgjengeleg i heile kommunen utan for lang reiseveg
- at kulturskulen skal ha betalingsattsar som gjer tilbodet tilgjengeleg for alle
- ha ei god og desentralisert bibliotekteneste, oppretthalda bokbussen og gje tilbod til skular og barnehagar
- etablere kommunal kulturpris, samt stipendordningar for unge innan idrett og kultur
- sikra kulturarven, utvikla museumsanlegg og jobba for å få etablert magasin for kulturminne
- ha gode tilskotsordningar og tilby gratis utlån av skular for lag og organisasjonar
- vidareføra og utvikla samarbeidet mellom kulturskulen og musikkorpsa
- saman med fylkeskommunen vidareutvikla Manger Folkehøgskule og sikra gode rammer for skulen
- at Bergen og Omland Friluftsråd sikrar bade-plassar og andre turmål med tilhøyrande parkeringsplass og sanitæranlegg
- at Knarvik skal ha eit kommunalt kulturhus med sømjebasseng som 1.byggjesteg

***Idrett, kultur og frivilligheit er «gullet» vårt!***



## Næringsliv og samferdsle

*Alver skal vera eit naturleg førsteval for nyetableringar, og for utvikling av eksisterande næringar. Alver skal ha eit levande landbruk som produserer mat av lokale ressursar i ein av dei største landbrukskommunane i Vestland.*

*Alver skal vera pådrivar overfor stat, fylke og nabokommunar for å utvikla statleg, fylkeskommunal og interkommunal infrastruktur.*

*Kommunen skal vera ein løysingsorientert medspelar både som næringsutviklar og som lovforvaltar av plan- og bygningslova.*

### Alver SP vil:

- ha god vegstandard internt i kommunen og til og frå kommunen: Vågsbotn-Klauvaneset (E39), FV57 Isdal-Mongstad, ny Alversund bru
- halde oppe påtrykket med planarbeidet for Sambandet Vest
- at Alver kommunestyre må søkja berekraftig vegfinansiering framover
- ha full dekning på infrastruktur som mobiltelefon og høgfarings breiband i heile kommunen
- få utarbeidd Næringsplan, Akvakulturplan og Landbruksplan
- at Alver skal ha nok regulerte næringsareal, også sjøaareal, tilpassa næringslivet sine behov
- at Alver bidreg til godt samspel med næringslivet, og til eit variert næringsliv i heile kommunen
- utvikla næringsportal for kommunen
- at Alver kommune som innkjøpar prioriterer å kjøpa varer og tenester lokalt, og tilpassar anbudsregelverket sitt til dette
- styrkja og vidareutvikla lokalsentra: Frekhaug, Manger, Lindås, Ostereidet, Rosslund og Bøvågen
- stimulera gründarar, t.d. gjennom næringsfond
- oppretthelda og vidareutvikla den viktige landbruksnæringa, og ha eit sterkt landbrukskontor med engasjerte, fagleg sterke og kompetente medarbeidarar
- oppretta eit Landbruksråd i Alver
- støtta og bidra til å utvikla ei bærekraftig havbruksnæring i kraft av å vera ein av dei største havbrukskommunane i Vestland
- at Nordhordland Biosfæreområde vert motor for ei berekraftig utvikling i Alver gjennom godt forankra lokale prosjekt
- gje reiselivsnæringa ei god utvikling gjennom samarbeidet med Bergen
- utvikla tiltak langs Den indre Farleia
- ha gode vidaregåande skular som gir rett kompetanse til næringslivet vårt
- ha eit aktivt engasjement i samarbeid med næringslivet (t.d. Næringslaget og Industriutvikling Vest) for å få forskning og høgare utdanning til kommunen
- ha eit godt utvikla kollektivtilbud både for buss og båt

*Alver skal vera ein attraktiv kommune for næringslivet.*

## Kommunal infrastruktur

*Kommunevegane er nervetrådar i lokalsamfunna. Det er heilt avgjerande både for busetnad og næringsliv at kommunevegane fungerer, og at trafikksikringsarbeidet har høgt fokus. Alver skal vidareutvikla drikkevassforsyninga og ha høg vasskvalitet og forsyningstryggleik. Alver skal auka satsinga på fornying av vass- og avløpsnett.*

### Alver Sp vil:

- ha godt vedlikehaldne kommunale vegar, gang- og sykkelstiar
- byggja ny brannstasjon på Manger
- gjennomføre planlagt oppgradering av rådhuset på Manger (kulturdelen)
- gjennomføre asfaltering, sikring og rekkverk på kommunale vegar i heile kommunen etter ein samla plan
- utarbeida ein plan for vatn og avløp som også inkluderer tilbod og tilskot til vass- og avløpsutbygging i bygder som ikkje er tilknytta dette i dag
- at Alver skal vera ein trafikksikker kommune og delta aktivt i trafikksikringsarbeidet
- utarbeida trafikksikringsplan
- utarbeida ny beredskapsplan og frå første dag har ei velfungerande operativ beredskapsteneste

*Framover må vekst vera basert på å forvalta betre, framfor å bruka meir.*

## Klima og Miljø

*Senterpartiet vil ha ei utvikling i Alver med redusert forbruk og auka fokus på gjenbruk og bytteordningar.*

### Alver Sp vil:

- at Alver kommune skal ha god kompetanse og tilby kunnskapsformidling innan klima og miljøfeltet
- utarbeida ein miljøplan og føra miljørekneskap
- vera pådrivar for å få opp kvikksølvet i ubåten ved Fedje
- ta vare på dyrka og dyrkbar jord og bruka den på ein berekraftig måte, i samråd med landbruksnæringa
- at Fensfjorden vert halden rein også for framtidige generasjonar sin bruk
- ha nulltoleranse for radioaktive utslepp
- gje eit desentralisert tenestetilbod med tanke på å minska bilbruken, samt nytta el- og hybridbilar i kommunal drift der det er mogeleg
- ha Alver kommune sertifisert som «Miljøfyrtårn»
- at Alver kommune skal vera ein aktiv eigar i NGIR og vidareutvikla gode gjenbruksordningar
- ikkje ha etablering av vindmøllepark i Stølsheimen, eller i våre nærrområde
- at kommune, handelsstand og næringsliv i Alver går saman om å fjerna unødvendig plastemballasje og plast til eingongsbruk



# Listepresentasjon - Alver Senterparti



Kumulert

**1 Jon Askeland**  
Sæbøvågen, f. 1964



Kumulert

**2 May-Irene Wergeland**  
Alversund, f. 1971



Kumulert

**3 Liv Hopland Van der Kooij**  
Vestbygd, f. 1960



Kumulert

**4 Sara Hamre Sekkingstad**  
Manger, f. 1993



Kumulert

**5 Jostein Helgesen Hellestveit**  
Lindås, f. 1956



Kumulert

**6 Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen**  
Myrtveit, f. 1946



**7 May Britt Vågenes Gjerde**  
Sletta, f. 1964



**8 Vidar Langøy-Jørgenvik**  
Lindås, f. 1973



**9 Astrid Anne Fjeldstad**  
Skjellanger/Rosland, f. 1948



**10 Vigdis Villanger**  
Bøvågen, f. 1957



**11 Atle Magne Austrheim**  
Knarvik, f. 1961



**12 Solbjørg Åmdal Sandvik**  
Frekhaug, f. 1949



**13 Leif Gunnar Taule**  
Sæbøvågen, f. 1949



**14 Laila Bjørge**  
Ostereidet, f. 1967



**15 Trond Normann Torvund**  
Tveit/Vestbygd, f. 1971



**16 Olav Steinar Namtvedt**  
Sletta, f. 1947



**17 Stian Sylta**  
Hundvin, f. 1981



**18 Asgeir Svein Nøttveit**  
Manger, f. 1958



**19 Leiv Jan Fosse**  
Fosse/Frekhaug, f. 1951



**20 Anne Berit Bø Palmesen**  
Bøvågen, f. 1957



**21 Ingrid Sødal Eidsnes**  
Eikangervåg, f. 1958



**22 Agnethe Soltveit**  
Sletta, f. 1977




**23 Andreas Thomassen Valle**  
Feste/Seim, f. 1990



**24 Kåre Skjelanger**  
Skjellanger/Rosland, f. 1964



**25 Heidi Berg Marås**  
Sæbøvågen, f. 1967



**26 Edith Kleiveland Stusdal**  
Vikanes, f. 1954



**27 Tonny Andre Dale**  
Flatøy, f. 1985



**28 Vibeke Namtvedt**  
Hella/Manger, f. 1966



**29 Elin Signe Askvik**  
Ostereidet, f. 1978



**30 Reidar Øvretveit**  
Grasdal, f. 1969



**31 Frida Soltveit Gabrielli**  
Sletta, f. 2001



**32 Wenche Pettersen**  
Vestbygd, f. 1967



**33 Asbjørn Nagell Toft**  
Alversund, f. 1967



**34 Johnny Ystebø**  
Sletta, f. 1971



**35 Arnhild Haugland Tvette**  
Leknes/Hjelmås, f. 1959



**36 Bente Oliverson Sagstad**  
Litlebergen, f. 1965



**37 Elin Morken**  
Manger, f. 1964



**38 Torgeir Arne Lid**  
Knarvik, f. 1975



**39 Marielle Kvingedal Bjørnevoll**  
Kløvheim, f. 1974



**40 Bjørn Hjørnevang**  
Sæbøvågen, f. 1966



**41 Bjørn Gripsgård Knudsen**  
Myrtveit, f. 1975



**42 Jørgen Martin Herland Hope**, f. 1976



**43 Ivar Soltveit**  
Manger, f. 1969



**44 Grethe Fosse**  
Alversund, f. 1959



**45 Ragnhild Rambech Flatekval**  
Fosse/Frekhaug, f. 1987



**46 Ludvig Grindheim**  
Vågenes/Manger, f. 1940



**47 Kjetil Gjerstad**  
Hundvin, f. 1976



**48 Torbjørn Aase Nævdal**  
Litlebergen, f. 1952



**49 Basi Pashaei**  
Knarvik, f. 1968



**50 Ingvill Taule**  
Sæbøvågen, f. 1971



**51 Geir Nilssen**  
Eikangervåg, f. 1956



**52 Jakob Langeland Hernar**  
Frekhaug, f. 1961



**53 Monika Soltveit Gabrielli**  
Sletta, f. 1972

*Me lovar å arbeida hardt og målretta til beste for menneska i heile Alver kommune!*



# Generelt om kommunen

*Kommunen som tenesteytar, lovforvaltar og arbeidsgjevar.*

Alver Sp vil:

- at kommunen opptre slik at innbyggjarane opplever seg sett, inkluderte og respekterte
- at kommunen yter likeverdige tenester overfor alle innbyggjarar, same kvar dei bur i kommunen
- at kommunen utviklar ein kultur der tilsette er engasjerte, trygge og imøtekomande både som tenesteleverandør og lovforvaltar
- at kommunale tenester ikkje vert privatiserte
- ha god dialog mellom leiinga i kommunen og tilsette sine organisasjonar
- at Alver kommune skal vera ein attraktiv arbeidsstad, ha ryddige arbeidsordningar og heiltidskultur
- ha fast tilsette vikarar innan basistenestene barnehage, skule, helse og omsorg
- at Alver kommune sjølv skal vera ei aktiv lærlingebedrift med høgt tal lærlingar
- at Alver skal ha gode ordningar for etter og vidareutdanning
- at Alver skal vera ein attraktiv arbeidsplass for studentar i praksisperiodar
- at Alver skal tilby fleksible arbeidsordningar for innbyggjarar som har (hatt) vanskar med å vere i ordinært arbeidsliv

## Kommunal økonomi

Alver kommune vil starta med ein stram økonomi. Senterpartiet forventar at Regjeringa forpliktar seg på kommunereforma og sikrar kommunen økonomisk handlingsrom. Det vert ikkje eigedomsskatt på hus og hytter, og vedtekne investeringsplanar skal følgjast.



## Godt val!

## Helsing Alver Senterparti